
Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 20.01.05
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Torleiv Bergeland
Saka gjeld: **Avtaler med private ideelle institusjonar og 3-årig rammeavtale med Haraldsplass Diakonale Sjukehus**

Styresak 14/05 O pkt. 7

Styremøte 02.02. 2005

1. Rammeavtale

Helse Vest har i løpet av hausten 2004 ført forhandlingar med de private idelle med sikte på nye rammeavtaler. Dei nye rammeavtalen skal gjelde frå 1. januar 2005.

Bortsett frå Haraldsplass Diakonale sjukehus AS, har dei andre seks private aktørane akseptert noverande utkast til rammeavtale med Helse Vest.

Administrerende direktør ved Haraldsplass har gjort det klart for Helse Vest at han vil anbefale at styret i Haraldsplass Diakonale sjukehus AS godkjenner utkastet til rammeavtalen, dersom oppseiingstida vert endra frå tre til eit år.

Til forskjell frå dei tidligare rammeavtalene, er dei nye rammeavtalane ikkje avgrensa i tid. Dei vert automatisk forlenga med mindre ein av partane seier den opp. Oppseiingstida er 3 år.

2. Bestillinga for 2005

Per januar har Helse Vest hatt drøftingar om bestillinga for 2005 med alle dei private verksemdene.

I forhold til Helse Vest sitt tilbod og verksemdenes ønskjer, er det i nokre tilfeller store sprik.

Partane har spesielt tatt opp spørsmål knyta til handteringa av kapital, avskrivning, investering og vedlikehald.

Helse Vest vil halde fram med drøftingar med sikte på å komme fram til eit omforent økonomisk opplegg for 2005.